



Kvinnheradløpet er for alle i alle aldrar. Svein Jarle Legland frå Uskedalen i godt driv 2017.

**Komande søndag er det klart for det 37. Kvinnheradløpet i Rosendal.**

**Det første Kvinnheradløpet vart skipa til i 1982 med 193 deltakarar. Sidan den gong har løpet kvart einaste år vore skipa til fyrste sundagen i oktober.**

**Årets utgåve er spesielt dedikert til Lars Røysland som døydde 61 år gamal. Han hadde då stått i kø for lungetransplantasjon i fleire år. Røysland var sentral i arrangørstaben til Kvinnheradløpet heilt frå det fyrste løpet i 1982.**

Føremålet med løpet er å få folk i alle aldrar ut på tur i vakker natur. Fokus har vore på dei gåande, dei som nyt turen utan tidtaking og som gjerne stoppar opp i løypa for å prata.

Kvinnheradløpet høver for alle uansett form og alder, og det er ingen problem med å ta seg fram med barnevogn og motorisert rullestol. Deltakarane får eple undervegs, og alle som fullfører får deltakarmerke og er med i trekkinga av gåvekort. Som alltid stiller speidarane opp med steiketakke i målområdet, og sel ferske lappar.

I fjor var det Sindre Omvik som vann herreklassen føre Erlend Nymark Jensen.

I kvinneklassen vann Johanna Aggvin føre Linn Grytten.

Heilt nytt av året er det ikkje meld ein drope regn denne søndagen, så det er ingen grunn til å ikkje ta fram turskoa denne søndagen. Aktive turgåarar frå Uskedalen er på lista til å få tildelt anten 30, 20 eller 10 års merke.

**Frammøte/mål: Rosendal stadion  
5,8 km på delvis grusveg, asfalt og sti**

**kl. 10: Turklasse utan tidtaking  
kl. 12: Mosjonsklassar med tidtaking**

Rosendal Turnlag og Kvinnheringen er arrangørar av Kvinnheradløpet.

Tekst: Pressemelding/ Kristian Bringedal  
Foto: Pressefoto  
Nett: Kristian Bringedal